



Kva gjer eg

VED MISTANKE OM VALD ELLER SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN?

- For deg som arbeider med barn, er offentleg tilsett, nabo eller har anna typer relasjon til barnet

Sjå



Teikn ein kan sjå etter:

- Sår og blåmerke, gjerne fleire stader på kroppen (på uvanlege plassar)
- Brann og kuttskadar
- Svimmelheit
- Søvn- og/eller spiseproblem
- Vondt i magen og/eller hode
- Uro og irritabilitet
- Tristheit og tilbaketrekking
- Utagerande eller "pleasande" åtferd
- Reaksjonar ved berøring
- Hyppige legebesøk og innlegging på sjukehus (med diffuse symptom)
- Familien motset seg innsyn i familien
- Sjølvskading
- Bruk av rusmiddel
- Dårleg tannhelse

◦ VÆR OBS PÅ "SKJULTE" BODSKAP

Kva gjer du?

- Definer uroa for barnet og del mistanken med leiaren din
- Observer, skriv ned kva som har skjedd, angi tid og sted

*Du eig
bekymringa
di sjølve*



Spør



Prøv å spørja om kva som har skjedd, medan du samstundes tek vare på barnet. Bruk barnet sine egne ord, ver nysgjerrig og utforskande i spørsmåla. Det held at du avdekkjer - du treng ikkje la barnet gå inn på detaljar.

Start gjerne med:

- eg har lagt merke til at.....

Beskriv deretter det du ser:

- du ofte har vondt i magen
- du verkar vera trøyt/trist/.....
- du har blåmerke på armen

Tips!

- Gjenta det barnet seier
- ikkje still leiende spørsmål,- spørsmåla skal vera opne
- Bruk støtteord som "hmm.....", "ja, fortel," "fortel meir"
- Spør gjeren fleire gonger, sei "eg er her og kom innom om du vil snakka med meg"
- Avtal eit nytt møte med barnet
- Bruk tid/pausar i samtalen

Korleis er det
å vera deg
heime?

Dette gjeld kanskje
ikkje deg, men erfaringa
mi er at mange som ikkje
har det så greitt heime
kan få såne plager.

Kva tenker du
om det?

Valden kan ha mange uttrykk,- det kan vera fysisk, psykisk, seksuell, økonomisk eller td omsorgssvikt. Vald kan og handla om frykt for ny vald eller for at ting vert øydelagt.

FØLG INTUISJON DIN!

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. Prøv å sjå bak fasaden.

HUGS: Å vera vitne til vald har like alvorleg effekt på barn som å sjølv verta utsett for vald.

Avklar



Eit barn kan brått fortelja om hendingar heime, til dømes i ei samlingsstund, i eit friminutt osv. Inviter då barnet til samtale:

- "Då du sa det tidlegare i dag, kva meinte du då?"
- "Eg har ikkje vore der, fortel så godt du kan....."
- "Kva skjer vidare då?"
- "Du har fortalt meg om....."

Utvis aktsemd og ikkje spør for detaljert, det er politiet eller Statens barnehus som føreteke avhøyr av barnet og ynskjer å vera den fyrste som spør barnet om detaljane. Få barnet til å fortelja ope!

- Når barnet er ferdig med si forteljing, bekreft det barnet har sagt og tydeleggjer at det ho/han har sagt er viktig. Kkje lov barnet at du ikkje skal sei det til nokon. Avklar med barnet at du må prata med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt, bli samde om kva som kan bli sagt vidare, og korleis informasjon skal gå vidare til barnevernet og andre. Spør om barnet vil vera med på samtalan.

Kva gjer du?

- Noter det som barnet har fortalt, så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig, skriv "mor seier....", "barnet fortel....."
- Du kan drøfta saka anonymt med konsultasjonsteamet, barnevern, krisesenter Vest eller politi
- Drøft den konkrete saka med leiaren og/eller ein kollega, der de saman legg ein plan for kven som gjer kva på kva tidspunkt (akutte tiltak, bekymringsmelding, tilvisning til hjelpeapparatet). **Hugs stemma til barnet...**



KVINNHERAD
KOMMUNE



Ullensvang
kommune



AVVERJERPLIKT
Alle har personleg plikt til å melda eller på anna vis avverja og hindra straffbare forhold.

Avverjeplikta (§ 196) gjeld ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikta .
www.plikt.no

AKUTT

Når du har grunn til å tru at eit barn vert utsett for vald eller overgrep, eller kjem til å verta utsett for det, har du avverjeplikt

- ved fysiske skader
- ved symptom etter psykisk vald
- ved alvorlege truslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet blir henta av rusa foreldre
- ved mistanke om nært føreståande/gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

> Varsla politiet snarast

Varsla Barnevernet/barnevernsvakta samstundes.

Ved synlege skader, ta gjerne bilete. Vurder om barnet skal til lege for å sikra bevis.

Di plikt er sjølve varslinga. Politiet vil etterforska og syta for avhøyr ved Statens Barnehus.

NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn, skal IKKJE føresette verta kontakta.

Ver merksam på at faktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd og rusmisbruk i familien kan gje auka risiko for alvorleg vald.



Handle

KVA GJER DU VED MISTANKE OM AT EIT BARN ER VITNE TIL VALD ELLER VERT UTSETT FOR VALD ELLER SEKSUELLE OVERGREP?

> Bekymringsmelding vert sendt til barnevernet

Den skal innehalda : personalia, årsak til bekymring, beskriving av kva du har sett, høyrte, observert, og når. Kven som er kontaktperson og kva som allereie er gjort.

Meldinga vert sendt i samarbeid med leiar. Du har eit sjølvstendig ansvar for for å senda melding, om leiar motsett seg å signera. Du eig bekymringa di sjølve. Barnevernet vil gje meldaren tilbakemelding når melding er motteke og undersøkinga er avslutta. Som ven eller nabo får du berre vita om meldinga er motteken.

Hugs!

Du skal berre melda frå om bekymringa di. Det er barnevernet som undersøker saka og avgjer vidare tiltak.

> Anonyme drøftingar

Er du usikker? Ring barnevernet eller ta kontakt med Konsultasjonsteamet for å drøfte saka anonymt.

OM SAKA ER LAGT VEKK, MEN VALDEN HELD FRAM?

> Ny melding til barnevernet

Meld forholdet på nytt til barnevernet, som i mellomtida kan ha motteke fleire bekymringsmeldingar. Ny informasjon og endringar må og bli meldt i alle sakar.

> Informasjon om hjelpetilboda til heimen

Gje elevar og foreldre informasjon om vald i nære relasjonar og om hjelpetilboda. Send med brosjyrar heim eller del ut på foreldremøte.



MELDEPLIKT

Du har ei sjølvstendig plikt til å melda frå til barnevernet ved mistanke om vald.



Viktige telefonnummer

Politi:
02800/112

Legevakt:
116 117

Alarmtelefon barn og unge:
116 111

Hardanger barnevern:
53 65 40 00
Vakt: 900 58 415

Kvinnherad barnevern:
53 46 16 90
Vakt: 976 10 100

Konsultasjonsteam(koordinator):
905 23 059

Krisesenter Vest:
• Stord: 53 41 12 12
• Haugesund: 52 72 98 84

